

REGULERINGSFØRESEGNER

Detaljregulering for gnr. 66, bnr. 2 m.fl. Taushaugen, Søndre Drivenes – Austevoll kommune PlanID: 4625- 20180003

1. REGULERINGSFØREMÅL

- 1.1. Intensjon med planarbeidet er å klargjera sentrumsnære bustadtomter i alle prisklassar slik at det både er moglegheit for førstegangsetablerarar samstundes som det er attraktive tomter for til dømes andre- og tredjegongs-kjøparar. Ein ser og føre seg ei brei alderssamansetning då områda for konsentrerte bustadar kan innehalda einingar tilrettelagd for førstegangsetablerarar og aldersvennlege bustadar. I tillegg vil ein leggja til rette for etablering av framtidig omkøyringsveg utanom Bekkjarvik sentrum.
- 1.2. Det regulerte området er synt på plankart datert 10.04.2025

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 1)

- B Bustader (1110)
- BFS Bustader – frittliggjande – småhus (1111)
- BKS Bustader konsentrert småhus (1112)
- BIA Idrettsanlegg (1400)
- BE Energianlegg (1510)
- BVA Vass- og avløpsanlegg (1540)
- BRA Renovasjonsanlegg (1550)
- BLK Leikeplass (1610)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 2)

- SV Veg (2010)
- SKV Køyreveg (2011)
- SF Fortau (2012)
- SGG Gangveg (2016)
- SVG Anna vegggrunn – grøntareal (2019)
- SPA Parkering (2080)
- SPP Parkering (2082)

Grønstruktur (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 3)

- G Blågrønstruktur (3002)
- GN Naturområde (3020)
- GT Turveg (3031)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

VNV Naturområde i sjø og vassdrag (6610)

Omsynssoner (PBL § 12-6, 1. ledd)

- Frisiktsone (H140)
- Faresone ras og skred (H310)
- Faresone høgspent (H370)
- Bevaring kulturmiljø (570)

Føresegnområde (PBL §12-7)

- nr. 2 vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg

2. FELLES FØRESEGN

2.1. Det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden. jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.

2.2. Plasseringa av avkøyring er vist på plankartet med eit avkøyringspil. Avkøyringspila si plassering er rettleiande, men både talet og kva veg avkøyringa skal koma frå er bindande. Der det ikkje går fram av avkøyringspila på plankartet, er plasseringa av denne valfri.

2.3. Byggjegrænse

Byggjegrænser er synt i plankartet. Der byggjegrænse ikkje er synleg går den i føremålsgrensa. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegrænser, medan støttemurar, parkeringsplassar, avkøyrslar, leidningar og andre mindre konstruksjonar kan plasserast utanfor byggjegrænsene. I tillegg kan garasje plasserast utanfor byggjegrænse, men ikkje nærare enn 1 meter frå naboeigedom/ naboføremål. Mot fortau og køyreveg gjeld ikkje unntaket.

2.4. Krav til søknad

2.4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Ved søknad om igangsetting for *samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur*, medrekna VVA-anlegg, parkeringsplassar og andre samordna tekniske installasjonar mv., skal følgjande vera vedlagt:

Teknisk plan for VA, dokumentasjon for sløkkjevatn, lengdeprofil for veg, normalprofil, ev. plan for etablering av veglys, naudsynte detaljteikningar for kryss, murar eller anna dokumentasjon naudsynt for handsaming av den aktuelle byggesaka. Ved behov kan kommunen også krevje detaljerte snitt-teikningar og tverrprofil.

2.4.2 Bygningar og anlegg

Ved søknad om løyve til bygningar og anlegg skal det i situasjonsplan med høveleg målestokk, på ein eintydig måte visast tiltaket/bygningar og anlegg si plassering og utforming med kotehøgde for eksisterande og opparbeidd terreng. Flater skal vera målsett. Søknaden skal elles visa:

- a) Tiltaket si utforming og tilpassing innanfor tomte
- b) Opplysning om byggehøgde og BYA
- c) Tilkomst/avkøyring og parkering for bil og sykkel
- d) Anlegg for renovasjon og tilkoplingspunkt til tekniske anlegg/leidningsnett, kablar
- e) Dokumentasjon av bygningar/tiltak si landskapstilpassing
- f) Dokumentasjon for universell utforming
- g) Løysing for intern handtering av overflatevatn, jf. VA-rammeplan
- h) Terrengprofil som syner eksisterande terreng og nytt terreng etter utbygging
- i) Utomhusplan som syner opparbeiding, møblering og materiale m.m. ved byggesøknad for leikeareal
- j) Dokumentasjon frå fagkunnig om tilstrekkeleg tryggleik for tiltak innanfor omsynssone H310
- k) Dokumentasjon for gjennomført hydrologisk vurdering for BIA

2.5. Teknisk plan

Teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn skal godkjennast av Austevoll kommune i samband med byggjemeldinga av dei tekniske anlegga. Prinsippa synt i VA-planen skal her detaljprosjekterast. Det skal fokuserast på tilstrekkeleg overvasshandtering i planområdet, og røyr skal vera dimensjonert for auka ekstremnedbør i framtida.

Teknisk plan skal òg syne plassering av tekniske bygg som transformatorbokioskar, kabelskap og andre tekniske bygg. Tiltaka kan plasserast uavhengig av arealføremål og byggjegrænser

innanfor planområdet i samsvar med teknisk plan. Anlegga skal sikrast ei god arkitektonisk utforming.

2.6. Bevaring av landskap og vegetasjon – attendeføring av landskap m.m

- 2.6.1 Nye skjeringar og fyllingar skal få ei tiltalende form og handsaming. Inngrep som bryt den naturlege terrengforma bør unngåast. Overskotsmasse frå gravearbeid, utsprengingar, neddrivingar og liknande skal nyttast internt i området eller deponerast på godkjent fyllplass.
- 2.6.2 Murar med høgd over 1 m skal byggjemeldast. Der støttemurar er over 2 meters høgde skal dei vere avtrappa for å dempe det visuelle inntrykket. Murar skal ha ei tiltalende utforming, og skal vere samordna i overgangar mellom eigedomane. Murar med krav om byggjemelding skal hovudsakleg vera utført i naturstein, men kan av tryggleiksmessige omsyn utførast i betong. I desse tilfella skal muren bli dekt til med naturstein.
- 2.6.3 Ved tilplanting i utbyggingsområdet skal det ikkje nyttast giftige plantar, og heller ikkje framande artar som finst på den norske svartelista.
- 2.6.4 Vegar og tekniske inngrep skal gjerast så skånsamt som mogleg. Inngrep i terrenget skal gjerast så skånsamt som mogleg. Ved inngrep skal det formast nytt terreng som saman med tilgrensande område skapar ein ny heilskap. Inngrep skal verta tilplanta med vegetasjon som er naturleg i området.

2.7. Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn for utforming av byggverk, parkering, uteareal gang- og tilkomstsoner innanfor planområdet, jf. gjeldande teknisk forskrift.

2.8. Estetikk

Nye bygningar og anlegg skal ha ei utforming og plassering som er tilpassa landskapet. Samanhengande landskapstrekk skal ikkje brytast.

Ved opparbeiding av tomteareal skal den ikkje utbygde delen av tomta få ei tiltalende utforming med gode dekkemateriale og vegetasjon. Farlege skrentar og kantar skal sikrast. Nye bygg og anlegg skal ha god arkitektonisk utforming med tanke på volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar. Solcellepanel er tillate. Dette skal plasserast på bygningar, og skal harmonere med omgjevnadene i utforming.

2.9. Parkering

Parkering skal løysast på den einskilde bustadtomta, der parkeringsplassane kan opparbeidast som biloppstillingsplass, i garasje/carport, eller integrert i bygningskroppen. Det skal på situasjonsplan for tomta visast plass til garasje/carport.

Følgande minimumskrav skal leggjast til grunn:

Område	Føremål/verksemd	Eining	Bil	Sykkel
Bustader (B)	Bustad >60 m ² BRA	Pr. bueining	1,5	2
	Bustad <60 m ² BRA	Pr. bueining	1	1
Frittliggjande, småhus (BFS)	Bustad	Pr. bueining	1,5	2
Konsentrert, småhus (BKS)	Bustad >60 m ² BRA	Pr. bueining	1,5	2
	Bustad <60 m ² BRA	Pr. bueining	1	1

2.10. Frådeling

Regulert del av 66/2 kan delast frå tilsvarande regulert areal innanfor planen sine yttergrenser.

3. BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1. Bustader (B 1-4)

- 3.1.1 Innanfor området kan det førast opp småhus, samanbygd i kjeder eller rekker, med inntil tre målbare plan.
- 3.1.2 Byggehøgde og terrengtilpassing er synt i tabellen under. Planeringsnivå inngang definerer kotehøgde for tilkomst/inngangsparti til bueining. Tilpassing av planeringsnivå inntil +/- 1 m.

Tomt	Planeringsnivå inngang	Maks. byggehøgd gesims/mønehøgd	Antall einingar	Kan nyttast som einebustadtomt
B1	47	7/7,5	2	x
B2	45	7/7,5	4	x
B3	44	8/9	4	x
B4	44	9/10,5	4	x

B-området skal ha målsetting om ei felles avkøyring til området.

- 3.1.3 Dersom tomter regulert til bustad vert nytta til einebustad, skal byggjegrensa vere minst 4 meter frå eigedomsgrensa. BYA for B1-4 er satt til 80%. Om tomtene for B1-4 vert nytta til einebustadar vert BYA for kvar tomt sett til maks 35% BYA.

3.2. Bustader - frittliggjande (BFS 1-18)

- 3.2.1. Innanfor føremålet kan det førast opp einebustadar i samsvar med planen.
- 3.2.2. Maks %-BYA for kvar tomt er synt på plankartet.
- 3.2.3. Maks møne- og gesimshøgd vert rekna ut frå gjennomsnittleg planert terreng. Planert terreng skal innmålast og sendast inn ved søknad som igangsetjing av byggetiltak.
- 3.2.4. Byggehøgd og terrengtilpassing er synt i tabellen under. Planeringsnivå inngang definerer kotehøgde for tilkomst/inngangsparti til bueining. Tilpassing av planeringsnivå kan tillatast med inntil +/- 1 m. Kolonnen terrengtilpassa utbygging viser til om bygningen skal byggast opp- eller nedover i terrenget.

Tomt	Planeringsnivå inngang	Maks. byggehøgd gesims/møne	Terrengtilpassa utbygging
BFS1	42	7/7,5	
BFS2	44,5	7/7,5	
BFS3	45	7/7,5	
BFS4	45,5	7/7,5	
BFS5	47	7/7,5	
BFS6	56	8/9	Bygning skal leggst oppover i terrenget
BFS7	57	7/7,5	
BFS8	56	7/7,5	
BFS9	56	7/7,5	
BFS10	55	7/7,5	
BFS11	54	7/7,5	
BFS12	52	8/9	
BFS13	52	8/9	
BFS14	53	8/9	
BFS15	54	8/9	
BFS16	55	8/9	
BFS17	60	8/9	
BFS18	60	8/9	

- 3.2.5. I einebustadane er det høve for å etablere ei separat bustadeining som kan nyttast til utleige. Denne kan ha eit bruksareal (BRA) på maks 60 m².
- 3.2.6. BFS23 kan nyttast som tilleggsareal til gnr./bnr. 67/76 og 67/53.

3.3. Bustadar – konsentrert, småhus (BKS 1-7 og BKS13)

- 3.3.1 Innanfor området kan det førast opp småhus, samanbygd i kjeder eller rekker, med inntil tre målbare plan.
- 3.3.2 Byggehøgde og terrengtilpassing er synt i tabellen under. Planeringsnivå inngang definerer kotehøgde for tilkomst/inngangsparti til bueining. Tilpassing av planeringsnivå inntil +/- 1 m.

Tomt	Planeringsnivå inngang	Maks. byggehøgde gesims/mønehøgde	Antall einingar	Kan nyttast som einebustadtomt
BKS1	43	8/9	4	x
BKS2	42,5	8/9	3	x
BKS3	52	7/7,5	3	x
BKS4	49,5/50,5	7/7,5	4	x
BKS5	47/48	7/7,5	3	x
BKS6	42,5	7/7,5	3	x
BKS7	53	8/9	4	x
BKS13	42	8/9	3	x

BKS4 og BKS5 kan ha to avkøyringar og planeringsnivå til eigedomane grunna terrengtilhøve, dei andre BKS-områda skal ha målsetting om ei felles avkøyring til området.

- 3.3.3 BKS3-6 skal etablera fordrøingskum, t.d. LOD-kum, på eigedomane for å fordrøya overvatnet før det vert slept ut til terreng.
- 3.3.4 Om tomtene BKS1-4 og BKS7 vert nytta til einebustadar kan det byggast to einebustadar på kvar av desse tomtene.

3.4 Idrettsanlegg (BIA)

Området er avsett til vidareutvikling av eksisterande idrettsanlegg i form av aktivitetspark. Situasjonsplan skal fastsette lokalisering av tiltaka med tilkomst, kotehøgde og anna tilpassing. Terrengtilpassing kan gjennomførast der dette er naudsynt for å gjere området meir brukarvenleg og tilgjengeleg. Det kan førast opp bygning med maks BYA 30% innanfor byggegrensa. Tiltak innanfor området må ikkje koma i konflikt med eksisterande bruk på naboeigedom 66/159.

Før ev. inngrep i området skal det gjennomførast ei hydrologisk vurdering av fordrøingskapasiteten til myra.

3.5 Energianlegg (BE)

Innanfor området kan det etablerast nettstasjon med transformator, med tilhøyrande teknisk anlegg og tilkomst. Bygningen skal maks vera 2,5 x 3,5 m. Det skal vera plass til tilkomst med lastebil på ei av sidene.

3.6 Avløpsanlegg (BVA1-3)

Innanfor området kan det etablerast pumpestasjon for avløpsanlegget, med tilhøyrande teknisk anlegg og tilkomst. Bygning skal maks. vera 10 m² i grunnflate, og ha maks. høgde 3 meter.

3.7 Renovasjonsanlegg (BRE1-4)

Innanfor områda kan det opparbeidast areal for utsetting av bossdunkar på tømmedag. Områda skal planerast og opparbeidast med fast dekke og vere lett tilgjengeleg for renovasjonsselskapet. Områda skal ikkje nyttast til oppstilling av bilar eller andre ikkje godkjende mellombelse eller varige konstruksjonar. Areal er felles for bustadane innanfor planområdet.

3.8 Område for leikeplass (f_BLK1-3)

- 3.8.1 Områda skal nyttast til leik og fritidsaktivitet, samt felles samlingsplass for bebuarane i området. Leikeplassane skal utstyrast med sitjeplassar og leikeapparat som fremjar leik for born og unge i ulike aldrar. Det skal nyttast typegodkjend utstyr som skal monterast etter tilvising frå produsent. Leikearealet skal utformast slik at god kvalitet vert oppnådd, her under arealet sin funksjon, sol- og lystilhøve, skjerming frå sterk vind, støy- og anna miljøbelastning. Leikeareala skal skjermast mot trafikkareal. Det skal leggjast vekt på universell utforming ved opparbeiding av områda, med unntak av BLK3.

3.8.2 f_BLK1

f_BLK1 skal vera naturleikeplass, felles for alle einingane i området. Her skal vegetasjon og terreng takast i vare. Det kan opparbeidast bål plass, sitjegrupper og element som inviterer til fri leik, t.d. slengje og klatretau. Arealet skal sikrast med gjerde mot skjeringa mot idrettsbanen.

3.8.3 f_BLK2

f_BLK2 skal vera felles leikeareal for einingane innanfor BFS 1-6, BKS 1-6 og BKS13 Minimum 45% av leikearealet på f_BLK2 skal opparbeidast universelt. Ingen delar av det opparbeidde området skal vera brattare enn 1:3.

3.8.4 f_BLK3

f_BLK3 skal vera felles for alle einingane i området. Området skal det opparbeidast med t.d. sitjegrupper, grillplass og felt for ballspel. Terrenget kan hevast for å skape kvalitative areal.

4. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1. Veg (o_SV)

O_SV regulerer offentleg veg, fv. 5136.

4.2. Køyreveg (f_SKV 1)

- 4.2.1. f_SKV1 er eksisterande privat veg, Alvamyrvegen. Denne er felles for bebuarane i Alvamyrvegen.

4.2.2. Køyreveg (f_SKV11-14)

f_SKV11-14 er eksisterande avkøyrringar.

4.2.3. f_SKV 3-10, o_SKV2 og o_SKV15

Vegnettet er fastsett i planen, og skal opparbeidast i samsvar med denne.

o_SKV2 er ny veg. Denne skal opparbeidast med asfaltert dekke på min. 5 m breidde. Det kan leggst høgspent kabel i denne traseen.

f_SKV3 er ny veg. Denne skal opparbeidast med asfaltert dekke på min. 5 m breidde. Det kan leggst høgspent kabel i denne traseen.

f_SKV4 er felles for BFS1-4 og BKS13. Køyrevegen skal bli lyssett.

f_SKV5 er felles for BKS7

f_SKV6-7 er felles for BFS7-11

f_SKV8 er felles for B1-4

f_SKV9 er, felles for BFS12-18

f_SKV10 er felles for eigedom 66/135 og SPA

o_SKV15 er ny veg. Denne skal opparbeidast med asfaltert dekke på min. 5 m breidde. Det kan leggst høgspent kabel i denne traseen.

- 4.3. **Fortau (SF 4-18)**
- 4.3.1 Fortau skal opparbeidast i samsvar med plankart, asfaltert breidde på min. 2,5 m.
- 4.3.2 Fortau SF4-8, 11-14, 16-18 skal lyssetjast. Traseen frå Alvamyrvegen til Sherpatrappa skal haldast open i anleggsperioden.
- 4.3.3 Det kan leggjast høgspenkabel i bakken langs traseane SF8, SF11 – 14.
- 4.4. **Gangveg (SGG)**
Eksisterande avkøyrsløp vert stengd ved opparbeiding av ny tilkomstveg f_SKV10, og omregulert til gangveg.
- 4.5. **Anna veggrunn – grøntareal, SVG**
- 4.5.1 Innanfor føremålet er det høve til å setja opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som støttemurar, rekkverk, skilt, lyssetting og grøfter.
- 4.5.2 Arealet kan nyttast til snølagring, avkøyrsløp, skråningar og skjeringar.
- 4.5.3 Vegskjeringar og fyllingar skal handsamast på ein tiltalende måte.
- 4.5.4 Innanfor føremålet er det høve til å justere veg, fortau, gang- og sykkelveg dersom det er naudsynt for å sikre betre terreng tilpassing.
- 4.6. **Parkeringsplass, SPA**
SPA skal opparbeidast til parkeringsplass, som synt i plankartet. 5 % av parkeringsplassane skal leggjast til rette for rørslehemma, jf. Gjeldande teknisk forskrift.
- 4.7 **Parkeringsplass, SPP**
SPP skal opparbeidast som HC-parkering.
5. **GRØNTSTRUKTUR**
- 5.1. **Blå/grønstruktur GBG 1-8**
- 5.1.1 Områda skal nyttast som naturlege infiltrasjonsområde der dei opne tjern og myrområda skal takast vare på.
- 5.1.2 Innanfor GBG2 skal eksisterande steingard takast vare på.
- 5.1.3 Innanfor føremålet kan det blir sett opp lyssetting i tilknyting til GT1-2.
- 5.2. **Naturområde GN 1-8**
- 5.2.1. Områda kan nyttast til turområde, rekreasjon, leik og liknande. Areal skal vera opne for ålmenta.
Vegetasjonen i området skal i størst mogleg grad takast vare på og skjøttast. Steingarden som går i plangrensa, innanfor GN3, skal takast vare på. Det kan gjerast tiltak i denne i samband med opparbeiding av turveg GT3.
- 5.2.2. Det er ikkje tillate å føra opp bygningar eller foreta terrenginngrep innfor området. Tiltak i området skal skje på ein varsam måte med påfølgjande opprydding og istandsetting av markslag og vegetasjon. Unntak frå dette er GN4, GN5 og GN7, der det er tillate med fylling beståande av reine massar for å heve terrenget inntil nye bueiningar og leikeplass f_BLK3. Det nye terrenget skal vera slakt hellande og tilpassast tilgrensande terreng.
- 5.3. **Område for turveg, GT 1-4**
- 5.3.1 Turveg GT1 og 2 går frå idrettsanlegget, gjennom blågrønstrukturen fram til køyreveg f_SKV3, denne skal opparbeidast i samsvar med plankartet, ha grusa dekke, og vera til felles bruk for einingane i området. Turveg GT2 skal opparbeidast på min. kote + 40, ved tjernet i G5.
- 5.3.2 Turveg GT3 går frå f_BLK3 til Alvamyrvegen. Turvegen skal opparbeidast i samsvar med plankartet og ha grusa dekke.
- 5.3.3 Det kan setjast opp lys langs traseane GT1-3.
Turveg GT4 syner området for Sherpatrappene frå planområdet og vidare opp mot Kongsfjellet.

- 5.3.4 Alle turvegane skal vera opne for ålmenta.
- 5.3.5 I traseen for GT1 og GT2 kan det førast fram høgspenkabel i bakken.

6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

6.1. Naturområde i sjø og vassdrag, VNV 1-7

Arealføremålet omfattar naturlege tjern og bekkar, som skal bevarast innanfor arealføremålet.

7. OMSYNSSONER

7.1. Frisikt (H140)

Sona for frisikt skal vera fri for fysiske og visuelle hindringar høgare enn 0,5 m over tilstøytane vegars plan.

7.2. Faresone ras og skred (H310)

- 7.2.1. H310_1-10, 17 og 18: Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1-S2 (jf. Gjeldande teknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.
- 7.2.2. H310_11-16: Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 (jf. Gjeldande teknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

7.3. Faresone høgspent (H370)

Innanfor omsynssona er det høgspenkabel i luft. Denne skal leggjast i grunnen – i vegtrase. Det er ikkje tillate å føre opp bygningar eller andre innretningar innanfor sona før høgspenkabelen vert lagt i grunn, i samråd med Austevoll Kraftlag SA.

7.4. Bevaring kulturmiljø (H570)

Innanfor omsynssona skal det ikkje gjennomførast tiltak som kan vera til skade for SEFRAK-registrert ruin etter sauefjøs frå 1800-talet.

8. FØRESEGNSSOMRÅDE

- 8.1 Innanfor føresegnssområde #2_1 skal det opparbeidast sti mellom o_SKV2 og GT1. Denne skal utformast universelt, med maks breidde 2 m.
- 8.2 Innanfor føresegnssområde #2_2 skal det opparbeidast sti ned til f_BLK3. Stien skal ha 2 meter breidde. Terrenget vil gjera det vanskeleg å utforma denne stien universelt, men ein skal tilstreba universell utforming så langt dette er mogleg.
- 8.3 Innanfor føresegnssområde #2_3 skal det opparbeidast fordrøyingssøkk.
- 8.4 Innanfor føresegnssområde #2_4 i GBG8 kan det etablerast turveg utanfor myrområda. Leidningar for VA kan leggjast under turveg.

9. REKKEFØLGJEKRAV

- 9.1. Før det kan gjevast frådelingsløyve til nye eigedomar som høgspentlina i området omfattar, skal den vera lagt i bakken.
- 9.2. SPP skal vere ferdig opparbeida samstundes med f_SKV9.
- 9.3. Arealet for køyreveg, f_SKV3, skal sperrast for gjennomkøyring av bil- og anleggstrafikk ved bruk av bom, betongblokker eller tilsvarande fysiske hinder, fram til mellombels bruksløyve er gitt for eitt av bustadføremåla BKS 1–5, BKS 13 eller BFS 1–6. Sperringa skal utformast slik at vegarealet kan nyttast som gangareal utan hinder for fotgjengarar.

Før det kan gjevast mellombels bruksløyve:

- 9.4 For o_SKV2 gjeld følgjande:
Bustadtomtene BKS 1-5, BKS13 og BFS1-6 skal knyte seg til o_SKV2 frå kryss mot f_SKV3 og nordover
- 9.5 Bustadtomtene BFS7-18, BKS6-7 og B1-4 skal knyte seg til o_SKV2 frå kryss mot f_SKV3 og sørover til o_SV2.
- 9.6 Infrastruktur med interne vegar (SKV4-9), fortau (SF15), vatn og avløpsanlegg, straum, skal vera ferdig utbygd, innmålt og med mellombels bruksløyve før mellombels bruksløyve vert gjeve for bustadtomtene (B, BKS og BFS) som skal knyta seg til infrastrukturen.
- 9.7 Mellombels bruksløyve kan bli gitt for køyreveg før desse er asfaltert
- 9.8 Før det kan bli gitt mellombels bruksløyve for meir enn 10 bustadeiningar, skal køyreveg, f_SKV1-10, o_SKV2 og o_SKV15 vere asfaltert fram til dei respektive einingane.
- 9.9 Før mellombels bruksløyve for VA-anlegg kan gjevast, skal det liggja føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, godkjent av Austevoll kommune.
- 9.10 SGG1 skal opparbeidast som gangveg og f_SKV10 skal bli opparbeida før det vert gjeve mellombels bruksløyve for veg o_SKV2.
- 9.11 Før kommunen kan gi mellombels bruksløyve for nye bustader skal leikeareal som er knytt til eininga, f_BLK1, f_BLK2 eller f_BLK3 vera ferdig opparbeidd, ref. §3.6.2.
- 9.12 BLK3 skal vere ferdig opparbeidd før det kan bli gitt mellombels bruksløyve for B1-4. GT3 og sti gjennom føresegningsområde #2_2 skal vera ferdig opparbeida samstundes med at f_BLK3 vert ferdigstilt.
- 9.13 Før det kan bli gitt mellombels bruksløyve for bustadar innanfor BFS1-6, BKS1-6 og BKS13, skal turveg GT1-2 vere ferdigstilt.
- 9.14 Før det kan bli gitt mellombels bruksløyve for SF 11-13 skal turveg GT3 vere ferdigstilt.
- 9.15 Fortau f_SF4-7 skal opparbeidast i samsvar med planen før mellombels bruksløyve for køyreveg, f_SKV3, kan givast.
- 9.16 Fortau SF9-10 skal opparbeidast før det gjevast mellombels bruksløyve til o_SKV15.

Før det kan gjevast ferdigattest:

- 9.17 Før det kan gjevast ferdigattest for bustadane skal det føreligge ferdigattest for teknisk infrastruktur fram til eigedomen.
- 9.18 Snarveg gjennom føresegningsområde #2_1 skal vera opparbeida før ein får ferdigattest for bygg innanfor BKS 1-2 og BFS 2-5.
- 9.19 Køyreveg, f_SKV3, skal vere ferdig opparbeidd før det kan givast ferdigattest på bustadføremål BKS 1-5, BKS 13 og BFS 1-6.

Se Arkitektur , Austevoll,
Rev. 11.04.2025

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Stord, 19.06.2020
rev 11.02.2021
rev 14.10.2021
rev 18.11.2021
rev 22.11.2021